


TERMPOSTEN

Nr. 1
april 2013

NYHEITSBREV
FRÅ SPRÅKRÅDETS TERMINOLOGITENESTE

INNHALD:

<u>Redaksjonens vindauge</u>	2
<u>Sidan sist</u>	2
<u>Nyheiter</u>	3
<u>Visste du at? Om translatøreksamen</u>	3
<u>På kornet – portrettintervju med Håvard Hjulstad</u>	4
<u>Aktuell term: <i>meteor</i></u>	4
<u>Spørsmål og svar 1: <i>Abstract og (call for) paper på norsk?</i></u>	5
<u>Spørsmål og svar 2: Norsk oversettelse av <i>literacy?</i></u>	5
<u>Lesarhjørnet</u>	5
<u>Terminologgen</u>	6
<u>Nokre komande arrangement</u>	6



Redaksjonens vindauge

Våren nærmar seg – til glede for dei aller fleste. Minst like stor burde glede vere over at det er "Nordterm-år"! Nordterm er det nordiske samarbeidsforumet for alle som er interesserte i eller arbeider med terminologi i praksis, undervisning eller forskning.

Annakvart år skipar Nordterm til eit allnordisk arrangement på området, der det er kurs, konferanse og ei forsamling til slutt. "Nordterm 2013" går av stabelen i Stockholm. Det svenske terminologiorganet Terminologisentrum TNC er vertskap for arrangementet, der sjølve konferansen har fått tittelen *Från förarbete till förvaltning – terminologiarbete steg för steg*.

Nordterm-dagane er det beste høvet til å bli kjend med nordiske kollegaer på området og arbeidet, røynslene og ideane deira. Og så er det ein hyggeleg møteplass der ein òg blir personleg kjend med



mange. Mellom anna er det ei båtutflukt i den vakre skjergarden rundt Stockholm.

[Så set av dagane 17.-20. juni!](#)

Sidan sist

Seminar om norske MeSH
Norske MeSH – hva nå? vart arrangert 25. januar. Deltakarane fekk ei oppdatering av status i dette prosjektet for omsetjing til norsk av MeSH ("Medical Subject Headings") og innsikt i bruksområde for emneordssystemet. Jan Hoel heldt eit innlegg om arbeidet til Terminologitenesta.

[Les meir her.](#)

Kurs på Universitetet i Agder
Terminologitjenesten holdt 29. januar kurs i terminologiarbeid for fagoversetterstudentene ved Universitetet i Agder. Kurset var et introduksjonskurs tilpasset oversettere, med særlig vekt på begrepsanalyse og ekvivalens. Forhåpentligvis kan dette bli et årlig oppdrag for terminologitjenesten.

Oversatte dager

I dagene 28. februar–2. mars var Norsk faglitterær forfatter-

og oversetterforening og Norsk oversetterforening vertskap i "tre dager i tre hele etasjer" på Litteraturhuset i Oslo for foredrag "om oversettelse i alle tenkelige former".

Toril Loennechen Moen fra Artsdatabanken orienterte om arbeidet med norske navn i Artsnavnebasen. Alle arter skal registreres med både norske artsnavn på bokmål og nynorsk og vitenskapelige navn. Språkrådet har vært med og kvalitetssikret de norske navna. Det er mange flotte og artige navn: barskognonne, kommasmyger, pjuskemåler. Navna som Artsdatabanken kommer fram til, er anbefalte navn og det nærmeste vi kan komme "offisielle" navn.

Jan Hoel fra Språkrådet holdt et foredrag med tittelen *Litteratur – hva er det?*, der han blant annet viste hvordan man ved hjelp av terminologisk metode kan underinnde og systematisere

det omfangsrrike begrepsfeltet 'litteratur' ved bruk av begrepsdiagrammer som viser relasjonene mellom beslektede begreper og deres plass i begrepssystemet.

[Les mer her.](#)

Fleire norske termar i IECs nettdatabase Electropedia
Norsk elektroteknisk komité (NEK) vidarefører i samarbeid med Språkrådets terminologiteneste prosjektet med å få lagt inn norske termar (bokmål og nynorsk) i den internasjonale databasen med elektrotekniske termar på mange språk. I mars var det over 2 000 norske termar i basen, og talet skal etter planen meir enn doblast i år. Terminologitenesta kvalitetssikrar fastsette bokmålstermar og legg deretter til ekvivalente nynorskstermar.

[Les meir her om prosjektet, status og Electropedia.](#)

Nyheiter

Terminologen nr. 1

Første utgåva av den nye skriftserien til Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk kom ut på slutten av fjoråret. Namnet er naturleg nok *Terminologen*. Første utgåva har artiklar om juridisk terminologi i nokre språk i Noreg. Skriftet, som ein kan få gratis tilsendt, skal normalt gjevast ut éin gong i året, men i år blir det to utgåver.

[Du kan lese meir om den første utgåva og bestille henne her.](#)

Translatøreksamen

Kvart år blir translatøreksamen arrangert ved Noregs handelshøgskole (NHH). Bestått translatøreksamen er ein føresetnad for å få bevilling som statsautorisert translatør. Du må ha minimum treårig dokumentert høgare utdanning på universitets- eller høgskolenivå for å kunne melde deg opp til denne eksamenen. Oppmeldingsfristen er 1. september.

[Les meir på nettsidene til NHH.](#)

Bergverkshistorie.no

Dette nettstedet er publisasjonskanal for prosjektet *Håndbok i norsk bergverkshistorie*, som har cand.philol. Per R. Mikkelsen som initiativtaker og prosjektansvarlig. Nettstedet er anlagt som en ressurs for folk som søker informasjon og kunnskap om denne delen av vår historie. Det er under løpende utvikling og søker for tiden medarbeidere til ulike oppgaver. [Les mer her.](#)

Tilskot frå Artsdatabanken

Artsdatabanken arbeider for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for artsmangfaldet i Noreg. Dei arbeider mellom anna med å registrere namn på alle arter som er funne i Noreg. Dette arbeidet er samla i *Artsnamnbasen*. Artsdatabanken lyser no ut fleire tilskot, mellom anna til arbeid som kan bidra til fleire artsnamn i *Artsnamnbasen*. Søknadsfristen er 15. april.

[Les meir her.](#)

Ny geologisk ordbok

I januar i år kom *Norsk geologisk ordbok* ut. Forfatterne Ellen M.O. Sigmond, Inge Bryhni og Knut Jorde har hatt som mål å forenkle og fornorske fagspråket. Resultatet er blitt en ordbok med 10 000 oppslagsord fra geologi og tilgrensende fagfelt. Boka er gitt ut på Akademika forlag, og [du finner mer informasjon om den på forlagets nettsider.](#)


Termdist

Dette kurset tilbys av et nordisk nettverk for internettbasert fjernundervisning i terminologi. Norges handelshøgskole (NHH) er den norske partneren. Kurset går høsten 2013. [Oppdatert info vil komme her.](#)

Jurdist

NHH tilbyr et nytt kurs i juridisk oversettelse. Jurdist er nettbasert og har oppstart høstsemesteret 2013. [Les mer her.](#)

Visste du at? Om translatøreksamen



Over 80 % av de oppmeldte kandidatene stryker til translatøreksamen ved Norges handelshøgskole (NHH). Translatøreksamen er en forutsetning for å få bevilling som statsautorisert translatør, men kravene som stilles til kandidatene, er forholdsvis lave. I praksis kan alle med en bachelorgrad melde seg opp. Det er ikke krav om utdanning i språk eller oversettelse.

Translatøreksamen skal bidra til kvalitetssikring og være et trangt nåløyne å komme gjennom.

Derfor er det kanskje et sunnhetstegn at strykeprosenten er høy. Det er imidlertid få undervisningstilbud i fagoversettelse i Norge. Universitetet i Agder tilbyr et bachelorprogram i oversettelse og interkulturell kommunikasjon. I tillegg vil NHH fra høsten av tilby et nettbasert kurs i juridisk oversettelse (se *Jurdist* ovenfor). NHH har som langsiktig mål å kunne tilby ulike internettbaserte kurs som fører fram til en mastergrad.

På kornet – portrettintervju med Håvard Hjulstad

Håvard Hjulstad har arbeidet med terminologi siden 1969. Etter noen år ved UiB og mange år i Rådet for teknisk terminologi er han nå prosjektleder hos Standard Norge. Han er òg medlem av Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk.

Hva er det beste med jobben din?

Som terminolog kommer en gjerne borti alle slags fag og emner. Det er alltid spennende. I standardiseringsarbeidet ser en hvordan terminologi griper inn i "alt", og samordning av terminologien er ofte nøkkelen til enighet. Jeg deltar også i internasjonalt standardiserings- og terminologiarbeid.

Hvilken utdanning har du etter videregående skole?

Språkvitenskap: historisk, sammenliknende, germansk og indisk.

Hva var favorittfaget ditt på barneskolen?

Engelsk og regning mener jeg å huske var greie fag.

Hvorfor er arbeid med terminologi viktig?

Når mange snakker om "det samme", er det jo kjekt at de faktisk snakker om det samme. Som terminolog sitter en midt oppi i en vase av misforståelser og nestenforståelser. Av og til bidrar en til å løse floken; det er gøy.

Om du kunne velge et annet yrke, hvilket og hvorfor?

Jeg innehar tilstrekkelig overdreven selvtillit til å tro at jeg



nok kunne klart meg bra i mange yrker. IKT var på full fart oppover, og det var kanskje bare en tilfeldighet at jeg ikke havnet på det toget.

Hva leser du helst på fritida?

Altfor lite, både av faglitteratur og skjønnlitteratur.

Hva er din favoritterm?

Jeg vet ikke. Kanskje en engelsk jeg har laget selv: male bovine faeces (bullshit).

Aktuell term: *Meteor*

Fredag 15. februar melde fleire aviser og nyhetsprogram at ei eldkule hadde vorte observert på himmelen over den russiske byen Tsjeljabinsk. Eldkula skapte ein sterk smell og ei trykkbølge som øydela fleire bygningar, og 50 personar vart innlagde på sjukehus ifølgje [Aftenposten](#).

Slike eldkuler blir ofte omtalt både som *meteor*, *meteoritt* og *meteoroid*, men kva er skilnaden mellom dei?

Om vi går til ei [astronomisk ordliste](#) og RTT's *Ordbok for romvirksomhet*, får vi vite at *meteor* blir nytta i to tydingar. Den første gjeld fenomenet som oppstår når ein partikkel frå verdsrommet kjem inn i jordatmosfæren. Partikkelen sleper ut ein gass som gløder og lyser opp, også kjent som *stjerneskot*, *stjernerap* eller *eldkule*. Den andre tydinga gjeld sjølve partikkelen som er årsak til

dette lysfenomenet. [Andre](#) vel å skilje språkleg mellom lysfenomenet (*meteor*) og partikkelen (*meteoroid*). Dette skiljet finn vi også i *Bokmålsordboka* og på [Wikipedia](#).

Dersom meteoroiden ikkje brenn opp i ferda mot jorda, men er intakt når han treffer jordoverflata, blir han kalla ein *meteoritt*.

Meteor kjem frå det greske *meteoron* – *μετέωρο* i dag – med tydinga 'noko som er oppe i lufta'. Det er også bakgrunnen til ordet *meteorologi*. I eldre tider inkluderte ein hydrometeorar (regn), luftmeteorar (vind og storm), optiske meteorar (nordlys og regnboge) og elektriske meteorar (lyn og stjerneskot) i læra om atmosfæren, vør og klima, ifølgje *Salomonsens konversationsleksikon* (1901) og *Shorter Oxford English Dictionary* (1950).

Spørsmål og svar 1: *Abstract* og *(call for) paper* på norsk?

I samband med akademiske konferansar blir det nytta engelske termar som *key lecture*, *abstract*, *paper* og *call for papers*. Finst det norske avløyssarar som ein kan nytte i staden?

For *key lecture* kan ein nytte *hovudforedrag*, *hovudforelesing* eller *hovudinnlegg*. Legg likevel merke til at *plenarforedrag* oftast er eit *hovudforedrag*, men ordet seier i tillegg eksplisitt at foredraget er for alle som er på konferansen. Ein kan òg nytte *nøkkelforedrag* for *key lecture*, men då vektlegg ein at det er snakk om eit foredrag som avgrensar og presiserer tematikken. Eit *opningsforedrag* er det første foredraget under konferansen.

Paper kan vere *artikkel*, *oppgåve*, *bidrag* eller *innlegg* på norsk, og dei to siste vert ofte nytta i konferanseprogram. Når det gjeld *abstract*, kan ein nytte *abstrakt* på norsk med same tyding, men *samandrag* er betre og sjølvforklarande. Slike sender ein inn etter eit *call for papers*, som tyder 'innbyding til å sende inn forslag til bidrag eller innlegg'. Ei kortform kunne vere *bidragsinnbyding* eller *innleggsinnbyding*, men begge er temmeleg tunge elliptiske samansetjingar.

Spørsmål og svar 2: Norsk oversettelse av *literacy*?

Ordet *literacy* dukker stadig opp, gjerne i kombinasjon med andre ord som *health literacy* og *media literacy*. Finnes det noe norsk ord for *literacy*?

Det engelske *literacy* står for et mer utvidet begrep enn tidligere. Før ble det brukt om lese- og skrivekyndighet, mens det nå dreier seg om en mer utvidet tekstkompetanse. I kombinasjon med for eksempel *health*, dreier det seg om evnen til å kunne orientere seg i og nyttiggjøre seg kunnskap om helse. Vi ser at *kompetanse* av og til brukes, for eksempel har *tekstkompetanse* vært brukt om det generelle *literacy*-begrepet. Også *digital kompetanse* og *mediekompetanse* har vært foreslått for henholdsvis *digital literacy* og *media literacy*.

Det er også blitt vanlig å fornorske *literacy* til *litterasitet*, og det har vi ingen innvendinger mot. I sammensetningen med *helse* er det nok også en bedre løsning. *Helsekompetanse* blir tvetydig på norsk, *helse-litterasitet* er en mer entydig term.

Lesarhjørnet

Først vil vi vende oss til lesarar som har registrert seg på nettstaden *LinkedIn*. Her finst det fleire grupper for dei som er interesserte i eller arbeider med terminologi. Den største gruppa heiter *Terminology* og har nesten 2800 medlemmar. Gruppa er open for alle som er interesserte i teori, metode eller møns-

terpraksis for terminologiabeid. Her kan ei bli tipsa om kurs, konferansar, termbasar, ledige jobbar og andre relevante nyheiter. Det finst òg andre grupper, som t.d. *TTC*.

Så vil vi vende oss til alle dei som nyttar kollektivtransport. Mange har nok opplevd at ein

må vente lenge på bussar, og at desse så kjem puljevis. Dette vert på fagspråket kalla for *klumping*, medan ei jamnare fordeling vert kalla *takting*.

Men kor kjem desse termene frå, og blir dei nytta på andre fagfelt også? Vi tek gjerne imot innspel til term@sprakradet.no.

TERMINOLOGGEN

Du finn ein oppdatert kalender over komande terminologirelaterte arrangement på nettsidene våre: www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/Kalender/.

Nokre komande arrangement

Nordterm 2013 blir – som vi har nemnt øvst på side 2 i denne utgåva av *Termposten* – arrangert 17.–20. juni i Stockholm. Det er det svenske terminologiorganet Terminologisentrum TNC som er vertskap. Det er kurs, konferanse og til slutt den såkalla Nordterm-forsamlinga. Arrangementet har denne gongen fått tittelen *Från förarbete till förvaltning – terminologiarbete steg för steg*. Det blir òg eit sosialt program. [Her finn du førebels program med fulle opplysningar](#).

Fra 15. til 19. juli arrangerer det internasjonale terminologinettverket *Termnet* en sommerskole i terminologi. Sommerskolen er et praktisk introduksjonskurs i terminologistyring. Kurset blir i år arrangert i Köln, Tyskland. [Les mer her](#).

13.–16. august blir den tolvte konferansen i rekkja om leksikografi i Norden skipa til på Blindern i Oslo. Språkrådet er arrangør i samarbeid med Institutt for lingvistiske og nordiske studier (ILN) ved Universitetet i Oslo og Nordisk forening for leksikografi (NFL). Det blir tre plenarforedrag. I tillegg vil det vitskaplege programmet omfatte seksjonsforedrag, plakatpresentasjonar og programvaredemoar. [Sjå fleire opplysningar her](#).

SPRÅKRÅDETS TERMINOLOGITENESTE

Postadresse:
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

Besøksadresse:
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50
Telefaks: 22 54 19 51
E-post: term@sprakradet.no
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Språkrådet

RIKTIGE TERMAR GIR GODT
FAGSPRÅK

Terminologitenesta er ein del av Språkrådet og har tre rådgjevarar i full stilling. Tenesta har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi. Tenesta samarbeider tett med Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk. Ho skal på arbeidsområdet sitt

- ta initiativ til, leggje til rette for og samordne aktivitet
- vere ein aktiv pådrivar for forskings- og utviklingsarbeid
- søkje å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljø og hjelpe til med å byggje opp termbasar
- byggje alliansar som kan føre til auka interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentleg forvaltning, næringsliv og publikum

<http://www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/>

Språkrådet gir ut ei rekkje publikasjonar, blant anna *Termlosen*, ei innføring i terminologiarbeid. Du kan lese meir om *Termlosen* [her](#).